

# Mammatre tar seg av ungene sine

**Forskarar har funne ut at dei store trea hjelper ungene sine med å vekse opp.**

TEKST: IRENE INMAN TJØRVE

Nede på skogbotnen i skuggen av dei mektige trekronene kan livet vere hardt for eit lite trefrø som slår rot og prøver å vekse opp. Det kan vere vanskeleg å få nok lys, vatn og næring. Da er det godt å ha ei mamma i nærleiken som passar på!

## Samarbeid i djupet

Nede i jorda veks det tett i tett med tynne sopptrådar som bind seg til trerøtene. Trea og sopptrådane er samarbeidspartnarar: Soppene får sukker frå trea gjennom trerøtene. Trea får til gjengjeld mineral og vatn frå soppene.

I dei seinare åra har forskarane oppdaga at soppene òg hjelper trea på ein annan måte: Sopptrådane dannar eit slags underjordisk «internett», som koplar trea saman under bakken. Trea bruker dette «internettet» til å sende både mat og informasjon til kvarandre.

## Eit grannelag av hjelparar

Den canadiske skogforskaren Suzanne Simard har studert korleis sopptrådnettet fungerer. Ho fortel at eit skogholt er som eit grannelag av familiar og venner som hjelper kvarandre. Trea hjelper ikkje berre dei trea som er av same

arten, men òg andre treslag. Suzanne har funne ut at bjørka ofte er koplta til grantre. Om sommaren og våren, når bjørka har massevis av blad, sender bjørka ekstra næring til grana. Og om vinteren, når bjørka har felt blada og ikkje kan lage næring sjølv, får ho næring frå grana, som framleis har nålene sine på.

## Familien først!

Suzanne la merke til at ein del tre hadde særleg mange sopptråd-koplingar til andre tre i nærleiken, og ho lurte på om desse trea kanskje kunne vere i slekt. Det kunne bety at trea er i stand til å kjenne igjen sine egne ungar.

For å sjekke denne hypotesen planta ho tre saman med både deira egne frø og framande frø. Det viste seg da at mammatre bygde eit mykje tettare sopptrådnett med sine egne «ungar» enn med dei framande. Slik fekk mammatre gitt ungene sine meir næring. Så det var tydeleg at dei visste kven som var deira egne.



Ikkje berre det  
– mammatrea trekte  
tilbake nokre av røtene sine,

slik at ungene deira skulle få betre plass til å vekse. Og når mammatrea vart skadde eller i ferd med å døy, sende dei forsvarsstoff og annan informasjon til ungene sine gjennom sopptrådnettet.

#### Dårlegare sjansar som «foreldrelaus»

Forsking har vist at dei trea som får hjelp av mammatreet sitt eller andre slektningar under oppveksten, har fire gonger større sjanse for å overleve enn dei som ikkje har ein slektning til å passe på seg. Suzanne meiner at mange spirande tre ikkje kunne ha overlevd i det heile utan denne hjelpa. Ho uroar seg for den moderne skogsdrifta, der ofte alle trea på ei stor flate blir felte. Ingen mammatre blir igjen for å passe på og hjelpe ungtrea under oppveksten.

Fleire forskarar har vorte interesserte i sopptrådnettet og forholda mellom trea i skogen. No er det fleire som forskar på dette mange stader i verda. Enno er det mykje meir å oppdage om det hemmelege livet til trea!



### Soppen er større enn du trur

Ein sopp er mykje større enn du trur! Det meste av soppen ligg under jorda i form av kilometervis med hårtynne trådar kalla sopptrådar eller mycel. Det vi vanlegvis kallar sopp, er berre fruktlekamen til soppen – altså ein overjordisk utvekst som soppen bruker til å lage sporar med. Dei bitte små sporane blir spreidde med vinden og veks opp til nye soppar.